

vanlege drifta på garden og på Lofoten sine første ungdomsår, så reiste han i 1911 til Amerika, og kom etter ei tid i Dakota til Seattle, der han kom seg med på fiske. Det gjekk så bra at han året etter for heim etter ho som vart kona hans, Ane Jørgensen frå Løkås. Dei fekk 2 barn: Alma og Harry. Etter at dei vart skildt, vart han så om ei tid gift med Ester Larsen, som var av Skandinavisk avstamning.

Petra Ås 1894 - 1919.

Som andre jenter på den tida var ho i sine første ungdomsår heime på garden og hjelpte til med det daglege arbeidet. Saman med eit par søskenbarn var ho så ei kort tid i Trondheim i huspost, men kom heim att og gjekk eit syskolekurs i Mosjøen.

I 1917 vart ho gift med Mathias Ås Hjartland, og flytta til han, der dei overtok garden. Men det viste seg snart at ho var smitta av tuberkulose. Det var jo på den tida lite råd mot den sjukdommen, og ho døde då i 1919.

Den siste tida var ho heime hos foreldra, og mora passa då henne til det siste. Ho vart av sine jamnaldringar karakterisert som ei kvikk og grei jente med godt humør, og vart godt likt der ho kom.

Borchild Strøm 1897 - 1924.

Ho var og ei tid i Trondheim i huspost, men kom så heim og gjekk vinterkurs ved Vefsn Folkehøgskole. Etter det var ho "butikkdame" i Rødøy, Skålver og Rørvik. Under opphaldet i Namdal vart ho kjendt med Erland Aglen frå Otterøya, og dei vart då forlova. Men så viste det seg at ho og hadde fått tuberkulose, og etter eit opphald på Vefsn Sanatorium døde ho i 1924.

Jakob 1899 - 1900.

Som mange andre barn på den tida fekk han og lungebetennelse, som dei då ikkje hadde noko råd mot, og han døde knapt eit år gamal.

Anna Kristine 1901 - 1979.

Ho vart i 1922 gift med Ingvar Olsen Åsen, som var fødd i Vesterålen, men kom som niåring saman med far og stedmor til Leirfjord der dei overtok garden Åsen (Skogan). Dei budde heile tida på Einmoen. Dei fekk fem barn.

Peder Ås 1904 - 1926.

Som andre ungdomar på den tida vart det utanom arbeidet på garden i onnene, fiskarbeid, fiske og skjelgraving om hausten og vinteren. Om somrane sild-notdrift, og dei siste par åra var det han som dreiv m/k Erna. Døde plutselig i 1926.

Arne 1906 - 1984.

Etter å ha vore med i den vanlege drifta på garden og i fisket reiste han i 1925 til Amerika til bror sin, Andreas, i Seattle der han var busett sidan.

Han fekk overta etter Andreas, fiskeskonerten Polaris, som vart hans arbeidsplass til det siste. Det var kveitefiske på Alaska som var hovudfeltet, men han prøva seg og på tuna og haifiske ei tid.

Dei siste åra var han plaga av hjartesyjukdom og var då på